

500 METER TIL TURSTIGEN

Vedtatt av Grønn Ungdom sitt landsstyre (10.03.19)

Nærleik til naturen

Turar i natur og grønne omgivningar bidreg til betre folkehelse, rekreasjon og auka livskvalitet. Kort avstand og lett tilgang til turstig der ein bur stimulerer fleire folk til å gå små turar i kvardagen, og er ein naturleg del av eit grønt lokalsamfunn. Å ta vare på og styrke tilgangen nærturområder er særleg viktig i byar og tettstader under fortetting som resultat av folkeauke og urbanisering. I tillegg til goda for menneska vil sikring av nære turstigar også kome til gode for det nære biologiske mangfaldet som lev i turområda sine blå og grønne økosystem. Mangfald av artar og landskap langs turstigen er også med på å heve opplevingsverdien av nærturen.

Turstig i denne samanhengen forstås me som ein uasfaltert stig eller liten veg. Omgivnadene bør helst bestå heilt eller delvis av frie elver og fritt voksende planter, men menneskekonstruerte, grønne omgivningar kan også inngå. Tilrettelegginga for ulike brukargrupper bør vera stor nær tettbygde strøk, men avta dess lenger inn i den frie naturen ein kjem.

Grøn Ungdom vil:

- At alle bustadar skal ha ein turstig innanfor 500 meters avstand. Dette må krevjast i framtidig arealplanlegging og oppmuntrast til i eksisterande arealstrukturar.
- Ta vare på og bygge opp om biologisk mangfald og vakre trasear rundt turstigane.
- Tilgjengeleggjere turstigane gjennom god opplysning, skilting og merking.
- Skjøtte og leggje nærstigane til rette for lågterskel, allmenn ferdsel.
- At relevante statlege instansar sikrar at kommunane gjennomfører krava.
- At kommunene skal ha konkrete planer for turtilbudet for brukargrupper med spesielle behov